



# BACHELOROPPGÅVE

**Kva meiner førskulelærarane i SOS-barehagen i Livingstone er ein god førskulelærer? Og korleis kan dette forstås kontekstuellt?**

av

Kandidatnummer 201. Walther Halrynjo Stenehjem.

**What does pre-school teachers in the SOS-Kindergarten in Livingstone think is a good pre-school teacher? And how can this be understood contextually?**

Global Knowledge.  
GK302.  
Mai, 2012.

## **Innholdsliste.**

Samandrag.....	4
Summary. ....	5
Innleiing.....	6
Teorikapittel. ....	7
Kva er SOS-barnebyar og kva jobbar dei med.....	7
SOS-barnehagar og deira pedagogikk.....	8
Kultur.....	8
Kulturfilter A og B. ....	11
Interkulturell kommunikasjon. ....	13
Moderne samfunn.....	14
Tradisjonelle samfunn. ....	14
Ubuntu tenking.....	16
Behaviorisme.....	16
Metodekapittel.....	18
Kva er metode. ....	18
Kvalitativ metode. ....	18
Intervju. ....	19
Utval. ....	20
Beskriving av utval.....	20
Datainnsamling.....	20
Analyse av datainnsamlinga. ....	21
Validitet og reliabilitet.....	21
Ethiske hensyn.....	22
Metodekritikk.....	24
Presentasjon av empiri.....	27

Interesse.....	27
God lærar.....	27
Kva er viktig å lære. ....	28
Ein god Zambisk person.....	28
Kva dei syntes er viktig å lære barna.....	29
Rammeplanen sit innhald og utførelse. ....	29
Drøftingsdel.....	31
Interesse som grunnlag.....	31
Ein god person.....	32
Kultur som begrunnelse. ....	33
Avslutning.....	35
Litteraturliste.....	36
Vedlegg.....	37
Vedlegg 1.....	37
Intervjuguide. ....	37
Vedlegg 2.....	39
Refleksjon på bakgrunn av observasjon.....	39
Vedlegg 3.....	40
Refleksjon på bakgrunn av observasjon.....	40
Vedlegg 4.....	41

## Samandrag.

Eg valte tema på grunnlag av at kulturfaktoren var noko som slo meg som rart og vanskeleg å forklare i byrjinga. Men etter kvart som eg lærte meir så forsto eg meir om kvifor lærarane på SOS-barnehagen gjorde dei vala dei gjorde i undervisningssamanheng.

Problemstillinga mi er som følgjande: *Kva meiner førskulelærarane i SOS-barehagen i Livingstone er ein god førskulelærer? Og korleis kan dette forstås kontekstuel?*

Framgangsmåten min for oppgåva var å gå fram ved bruk av ein kvalitativ metode, derav intervju og observasjon var det som var dominant. Eg nytta og relevant teori til å prøve å støtte opp under, samt forklare kva eg fekk av data frå den kvalitative metoden.

Som oppsummering over kva eg har funne ut så er det at eg har oppdaga at det er ein forskjell mellom kva teorien seier om praksis og yrkesutførelse av ein førskulelærer ved SOS-barnehagen enn kva som eg har observert i praksis. Dette er det at i teorien i rammeplanen for SOS-barnehagar og gjennom utdanninga så blir det formidla eit læringspedagogikk som fokuserer på læring gjennom leik, og som da er prega av innflytelse frå moderne samfunn. Medan i praksis så fekk eg inntrykket av at læringsmetoden var behavioristisk påverka i tråd med tradisjonelle samfunn.

## Summary.

I chose the theme on the basis that the culture factor was something that struck me as strange and difficult to explain in the beginning. But gradually as I learned more I understood more about why teachers at the SOS-Kindergarten made the choices they made in the educational context.

My research question is the following: *What does pre-school teachers in the SOS-Kindergarten in Livingstone think is a good pre-school teacher? And how can this be understood contextually?*

The approach my task was to proceed by using a qualitative methodology, including interviews and observation was that which was dominant. I also used relevant theory to try to support and explain the data I got from the qualitative method.

As a summary of what I've found out it is that I have discovered that there is a difference between what the theory says about the practice and professional conduct of a pre-school teacher at the SOS-Kindergarten than what I have observed in practice. This is that in theory in the curriculum for the SOS-kindergarten and education shows a learning pedagogy that focuses on learning through play, which is influenced from modern society. While in practice, I got the impression that the learning method was influenced by behavioristic pedagogy which is in line with traditional societies.

## Innleiing.

Kultur er eit vidt omgrep som kan ha ulik betyding for forskjellige personar, sjølv innanfor same kulturelle krets. Det kan verte brukt som eit forklaringsmiddel for noko ein ikkje klarar å forklare, eller årsak til ein handling ein kanskje ikkje hadde fult tenkt gjennom at ein skulle gjere. Eg var så heldig at eg fekk min praksis i SOS-barnehagen i Livingstone, og brukte denne barnehagen som utgangspunkt for oppgåva mi. Eg merka at det var enkelte faktorar med det daglege arbeidet og planlegginga som eg syntes var vanskeleg å forstå, og som gjorde at eg danna meg eit bilde av ein læringssituasjon og ein kultur som påverka denne som var annleis en kva eg hadde opplevd før. På bakgrunn av denne opplevinga så bestemte eg for å skrive om den gode førskulelæraren, og da kva påverknadsfaktorar som kan spele inn. For å finne ut meir om dette så laget eg meg nokre intervju guidar og tok kontakt med lærarane og rektor ved sos-barnehagen, samt også noko andre lærarar frå ein anna barnehage i Livingstone.

*Problemstilling: Kva meiner førskulelærarane i sos-barehagen i Livingstone er ein god førskulelærer? Og korleis kan dette forstås kontekstuel?*

For å kunne svare på denne problemstillinga så valte eg ein metodeform for inn henting av data som var kvalitativ. Eg har i metodedel av oppgåva beskrevet kva val eg har tatt, eventuelle feilkjelder og fordelar og ulemper. Eg har og funnet relevant teori som skal passe inn i oppgåva mi. Her har eg valt teori som omhandlar blant anna kva SOS-barnebyer er og kva dei jobbar med, kultur og om ubuntu filosofi.

I empiridelen har eg presentert nokre hovudfunn frå dei resultata eg fekk gjennom intervju med forskjellige førskulelærarar i ulike barnehagar, samt eigne refleksjonar kring observasjonar som eg har gjort gjennom praksisperioden. I slutten av oppgåva har eg drøfta kven som vel å jobbe i SOS-barnebyer, kva verdiar dei formidlar og korleis kulturen er som påverknadsfaktor ovanfor desse. Og prøver å svare på problemstillinga om kva dei meiner er ein god førskulelærer og kvifor.

## Teorikapittel.

### Kva er SOS-barnebyar og kva jobbar dei med.

På nettsida til sos-barnebyar så presenterer dei seg sjølv som ein politisk og religiøst nøytral organisasjon som jobbar med å gi langsiktig hjelp til barn utan omsorg – uavhengig av nasjonalitet, kultur, rase og religion. Den grunnleggande ideen til SOS-barnebyar er å gje foreldreause og forsømte barn den beskyttelsen og tryggleiken dei har mista, eller som mange aldri har hatt. Nanseth (1999) skriver at grunnideen til Herman Gmeiner for det som fekk namnet SOS-barnebyer var at for å verte eit veltilpassa menneske, så trengte ein ei morsrolle som fortalte at *”eg er glad i deg... eg kjem ikkje til å forlate deg...du er skatten min... eg er her for din skuld”* – Gmeiner.

I tillegg til å gje eit nytt heim til barn som treng omsorg, så arbeider SOS-barnebyar for å førebygge foreldrelausheit. Barnebyen sett i verk tiltak i nærmiljøet som gjer barne-styrte og andre vanskelegstilte familiar moglegheitene til å hjelpe seg sjølv til ein meir stabil og betre tilværelse og kvardag. Dette hindrar splitting av familiar, og sikrar ein betre livssituasjon for barna. Eksemplar på sos som organisasjon sine utviklande virksomheitar er gratis familierådgiving, medisinsk hjelp, yrkesopplæring og aidsførebyggande tiltak.

Grunnleggaren av SOS-barnebyar, Østerrikaren Hermann Gmeiner, la vekt på at det enkelte barns behov for mental omsorg. Han meinte at det er nødvendig for at barnet får tillit til dei utvalte omsorgspersonar, og at det er eit behov for langsiktig arbeid ovanfor det enkelte barn, og ikkje berre akutt nødhjelp (Nanseth 1999).

Sentrale punkt i SOS-barnebyar sitt arbeid er stabilitet og langsiktigheit. Organisasjonen bidreg til varige betringar i barns livskvalitet og levevilkår. SOS har ein forplikting ovanfor barna som er langsiktig. Dei meiner at ein trygg oppvekst med nære og stabile omsorgspersonar, utdanning og god helse legger grunnlaget for god livskvalitet. Med dette kan barna skape seg sjølv ein meiningsfull framtid som vaksne og ha moglegheit til aktiv deltaking i utviklinga av sitt lokalsamfunn (Nanseth 1999) ([www.sos-barnebyer.no](http://www.sos-barnebyer.no)).

## SOS-barnehagar og deira pedagogikk.

SOS-barnebyar bygger eigne barnehagar dersom det ikkje finnes alternativ i nærleiken av barnebyen som er gode. Barnehagane er opne for barna som bur i SOS-barnebyen og for barn i nærmiljøet.

SOS-barnehagane baserar sin pedagogikk på Maria Montessori og Freidrich Fröbel sine teoriar, men med lokal og kulturell tilpassing. Målet med pedagogikken er at barna skal kunne utvikle sin eigen, individuelle kreativitet (Nanseth 1999) ([www.sos-barnebyer.no](http://www.sos-barnebyer.no)). *”Først når et barn vokser opp i et harmonisk miljø, vil det kunne utvikle sine kvaliteter som et helt menneske, til gagn for seg selv og sine medmennesker”* (Nanseth 1999:24). Steinsholt og Løvlie (2004) skriver at Fröbel utvikla ein pedagogikk som skulle knyte saman barnets indre og ytre verden. Barnet skal ikkje fyllast at den vaksne, men heller få moglegheitene til å samspele og oppdage verda saman med ein vaksen. Dette skal gjerast ut frå barnets oppfatning av omverda som ein heilheit. Vidare skriver Steinsholt og Løvlie (2004) at i Montessori sin pedagogikk så vil ein at den vaksne skal vere interessert i barnet, sjå og forstå barnets behov, slik at me kan tilpassa oss dei. Ein skal skape eit pedagogisk miljø som er tilpassa etter barna, deira utviklingsstadier og behov.

Nanseth (1999) skriv at SOS-barnebyar sitt arbeid i Afrika starta i 1970, men at det var vanskeleg å starte opp i mange afrikanske land. Hindringane som måtte overvinnast var store, både kjenslemessigt og praktisk. Mangen av dei ledande personane var ikkje moden for barnebyar etter SOS-modellen, men nokre var villige til å spele på lag og SOS fekk eit fotfeste. *”Mange steder fungerte ikke familien og landsbyen som sosiale institusjoner som før. Krig, opprør og urbanisering førte til omfattende endringer og oppløsning av samfunnsstrukturene”* (Nanseth 1999:22). I dag er det nærmare 400 prosjekter av ulike slag i Afrika (ibid) ([www.sos-barnebyer.no](http://www.sos-barnebyer.no)).

## Kultur.

Haugen (1987) viser til Schwartz som ser kultur som ein rik blanding av meiningar, tru, yrkesutøvingar, symbol, normer og verdiar som er dominante innan populasjonen i eit samfunn. Han skriv at det er den dominante verdien i eit samfunn som er det mest sentrale trekket i kulturen. Det er dei kulturelle verdiar som legger vekt på å forme og forsvare individuelle og gruppe verdiar, handlingar og mål. Desse felles verdiane understrekar dei delte tankane og ideane om kva som er bra og ønskeleg i kulturen, og blir kalla dei kulturelle



ideane. Dei institusjonelle planane og handlingane, normene og kvardagspraksis uttrykker ein underliggande kulturell verdi som er i samfunnet dei blir uttrykt i (Haugen 1987).

Jensen (2005) skriver at kultur er eit begrep med mykje makt. Det blir brukt til å beskrive andre folk, og til å gje forklaring på korleis andre er. Kultur som begrep har mange og veldig forskjellige betydingar. Man kan snakke om kultur som finkultur med at det er noko som kan lærast ved å lese avisenes kultureksjon med anmeldingar av bøker, filmar, teater og arkitektur. Ein kan forenkle det med å seie at jo meir ein veit om kva som står i kultureksjonen i avisa, jo meir kultur har ein, og når ein har meir kultur er ein kultivert og derfor danna. Kultur brukast også som betegnelse for det levde liv, altså om den måten menneske inngår i sosiale relasjonar med kvarandre. Det er og subkulturar eller delkulturar som forstås som grupper i samfunnet som på nokre områder er separerte med fleirtalet av befolkninga. Ein snakkar og om kultur som nasjonalkultur, noko som ein gjer når ein omtalar for eksempel Norsk kultur og Zambisk kultur (ibid).

Haugen (1987) skriver at *“Kultur er de systemer av felles idêer, de begrepsmesige mønstre og felles meningssystemer som ligger bak et folks måter å leve på (Keesing 1976:139)”* (Haugen 1987:24). Med denne definisjonen meiner Haugen (1987) at eit folks kultur er noko som er reint bakanforliggande i forhold til kva dei gjer, seier og uttrykker seg med. Det er dei felles forstillingane som menneskane har, medan det dei gjer er manifestasjonar av desse forstillingane. *“Kultur blir ikkje framført i sosiale vakuum. Kultur kommer til uttrykk ved at folk forholder seg til hverandre sosialt”* (Haugen 1987:25). Klausen (1992) skriver ein presis definering på eit beskrivende kulturbegrep som bygger på Tylors definisjon fra 1871 som er slik: *“de ideer, verdier, regler, normer, koder og symboler som et menneske overtar fra den foregående generasjon, og som man forsøker å bringe videre – oftest noe forandret – til den neste generasjon”* (Klausen 1992:27). Eit beskrivende kulturbegrep er ikkje det same som samfunnet, men det innhaldet i det fellesskapet som utgjer samfunnet (ibid).

Det er som sagt ulike måtar å beskrive kultur på, men det er nokre hovudlinjer. Jensen (2005) skriver om det beskrivande kulturbegrep og det komplekse kulturbegrep. Det beskrivande kulturbegrepet omhandlar at ein beskriver dei idear, verdier, reglar og normer, som eit mennesket overtar etter den førre generasjonen, og som ein da forsøker å bringe vidare men ofte da litt forandret til neste generasjon. Særtrekk med dette kulturbegrepet som forskere andvender er som følgande:

- Man ser på kultur som avgrensa einheit som følger nasjonens grenser. Man snakkar om andre nasjonale kulturar. Men man går ut frå at alle i ein nationalkultur deler verdiar, normer og regler.
- Man meiner det er mogleg å inkretse kulturelle fellestrekk. Som vil seie at man finner fellestrekk for alle innan ein gitt nationalkultur.
- Man meiner at kultur forandrar seg veldig langsamt.
- Kulturen brukast som forklaring på kvifor folk sine handlingar er.

I det komplekse kulturbegrepet forstås kulturen som den viten og dei betydingane og verdiar som menneske deler og forhandlar med andre innanfor forskjellige sosiale fellesskaper. Særtrekk innanfor det komplekse kulturbegrepet har forskarane på området blitt stort sett einige om følgende:

- Kultur er ikkje noko ein har, men heller noko ein gjer. Kultur er noko som skapast mellom menneske.
- Kultur er alltid i forandring.
- Kultur kan ikkje avgrensast til ein fast einheit, men heller fleire fellesskaper der man deler med nokon, men ikkje med alle.
- Ein kulturs betyding kan ikkje forutseiast. Man må alltid undersøke noko konkret, derav kultur spelar inn på ein situasjon.

Jensens eigen tolking av det komplekse kulturbegrep er at *"Kultur er det man fortolker sin tilværelse igennem og handler efter"* (Jensen 2005:22). Det vil være ulike sosiale reglar for kva som handling som er rett i ein gitt situasjon, men det er du som individ som tek den endelige beslutninga. Det valet som ein tek er alltid påverka av både det kulturelle, det sosiale og det individuelle, men korleis dei ulike faktorane spelar inn kan ikkje forutseiast, men det kan undersøkast. Det kallast det komplekse kulturbegrep fordi man med begrepet prøver å fange dei motseiingar man meiner kjenneteiknar kultur. For eksempel man vil seie at dette kjenneteiknet er å være Zambisk, men og seie at det er mange måtar å være Zambisk på.

Så kva kan ein seie kultur er? Vis ein brukar det beskrivande kulturbegrepet så vil ein seie at kultur er dei idear, verdiar, regler og normer som menneske overtek frå den tidlegare generasjonen, og som man forsøker å bringe vidare, men med ein liten forandring til neste generasjon. Ein vil seie at kulturen finnes i mennesket og at det finnes felles verdiar for alle. Kulturen vil være noko som styrer menneske, og denne kulturelle betydinga vil kunne

forutseiast. Den beste måten innan det beskrivande kulturbegrepet for å undersøke kulturen er med å bruke spørje undersøkingar. I det komplekse kulturbegrep vil kultur omtalast som den kunnskapen, betydinga og verdiar som menneske deler og forhandlar med andre, innan forskjellige sosiale fellesskaper. Og at man kan tilhøyra forskjellige fellesskaper. Kultur er noko som finnest mellom menneske, og innanfor den same kulturen så finnest det forskjellige verdiar. Begrepet beskriver kulturens betydning som der mennesket er den som forhandlar kultur, kulturen kan ikkje forutsees men heller dens betydning kan undersøkes. Den beste måten å undersøke ein kultur i følgje det komplekse kulturbegrepet er med feltarbeid og intervju (Jensen 2005).

Med kulturteori i praksis så er ulike betydingar for dei ulike kulturbegrepa. Ved det beskrivande kulturbegrepet så vil man leite etter å finne fellestrekk mellom personar med den same kulturelle bakgrunnen. Man vil og primert forklare ein person sine handlingar ut i frå deira kulturelle bakgrunn. Med den komplekse kulturbegrepet så blir praksis at kulturen skapas mellom menneske og at kulturen ikkje er lik for alle. Innanfor dette begrepet av kultur så vil ein seie at i praksis så har kjønn, alder og utdanning ein større innflytelse enn kultur. For å beskrive det fleirkulturelle samfunn så krev det at ein tek i bruk det komplekse, og det beskrivande kulturbegrepa. Dette har seg med at ein kan finne menneske i eit samfunn som lever harmonisk med kvarandre, kor og da kulturen forandrar seg lite. Men man finner og frå den andre siden med grupper som har forbindelse med andre kulturar og lever i ein balanse mellom det tradisjonelle og det moderne. Jensen skriver at å ha eit fagleg kjennskap til kulturbegrepa kan man forholde seg kritisk, når ein høyrer generelle beskrivingar om bestemte etniske grupper. Å ha fagleg kjennskap til kultur og ein kulturell forståing vil ein ha lettare for å forstå at menneske kan ha andre verdiar og ein anna verkelegheitsoppfatning enn kva ein sjølv har (ibid).

### **Kulturfilter A og B.**

Dahl (2011) har laga ein kulturfilter modell som han brukar for å sette to kulturelle referanserammer mot kvarandre som kan vere ei hjelp i praksis. Han introduserer her omgrepa kulturfilter A og B. Ulike trekk ved begge desse kulturfiltra blir lista opp, men det er viktig å presisere at ingen kultur anten kulturfilter A eller B. Modellen til Dahl er gjort som eit tankeeksperiment.

Kulturfilter A	Kulturfilter B
----------------	----------------

<ul style="list-style-type: none"> <li>- Verda kan beherskes.</li> <li>- Utan respekt for tradisjonar.</li> <li>- Analytisk og planleggande metode. Alt kan delast opp, målast og kombinerast på nye måtar: maskin, organisasjon eller karriere.</li> <li>- Individorientert menneskesyn der verdier og normer privatiserast.</li> <li>- Linier tidsoppfatning. Tida kan målast, og tilværelsen er ordna etter klokka og kalenderen.</li> <li>- Språket er direkte, rett på sak. Logikk, klarheit og stringens er ideala. Mens høflegheit er ikkje prioritert.</li> <li>- Skilje mellom det materielle og det religiøse, og mellom det offentlege og det private. Det er ei vektlegging på formell utdanning, spesialisering, offentleg organisasjon og å ha ein anonym stil. Sjølvrealisering gjennom yrket. Likheitsideal med at kjønnsroller blir utviska.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Verda må akseptast som den er.</li> <li>- Ivaretek tradisjonar.</li> <li>- Metoden er eit holistisk syn der balanse og harmoni er viktig.</li> <li>- Menneskesynet er kollektivt orientert. Verdier og normer blir bestemt av gruppa.</li> <li>- Tidsoppfatningen er syklisk. Naturens rytme bestemmer dagens innhald. Tida kvilar i seg sjølv.</li> <li>- Indirekte språk. Atmosferen er med på å formidle budskapet saman med orda. Høflegheit er viktig.</li> <li>- Det materielle og det religiøse blir sett på som heim heilheit. Det private og det offentlege går over i kvarandre. Vektlegging på familie, sosial rang, slekt og eldres autoritet, spontanitet og integrasjon. Relasjonar mellom menneske er viktig. Ulikheitar akseptast og kjønnsroller oppretthaldas sterkt.</li> </ul>
--	---

(Dahl 2011).

Schwartz (2004) gjennomførte ei undersøking der han har brukt 67 nasjonar for å samanlikne likskapar og ulikskapar ved kulturen. I undersøkinga har han satt opp dei ulike nasjonane i sju kulturelle orienteringar ”*map of 67 national groups on seven cultural orientatons*”(Vedlegg 4). På denne figuren så står Zimbabwe og Namibia på den eine sida, medan Norge står på motsatt side. ”Hierarchy” står sterkast i Zimbabwe med verdier som sosial makt, myndigheit, ydmykheit og rikdom. Medan i Norge er det ”Egalitarianism” som står sterkast med verdier

som sosial rettferd, likestilling, lojalitet, erligheit, ansvarligheit, hjelpsomheit, og akseptere sin del i livet.

### **Interkulturell kommunikasjon.**

*”Når personer frå forskjellige kulturer taler saman, er det interkulturel kommunikation (...)*  
*Begge personer kan bruke kultur som forklaring på, at de er uenige”* (Jensen 2005:35). I ein enkel form oppstår interkulturell kommunikasjon når to eller fleire partar, som er medlemmer av forskjellige kulturar, kommuniserer med kvarandre. Interesse for interkulturell kommunikasjon har historisk nok vert innanfor militære, med at ein ville kunne betre forut sjå korleis personar frå andre kulturar reagerer i ein krigssituasjon. Men no er interessa med korleis ulike mennesker frå ulike kulturar vil reagere i ein samtale. Geert Hofstede, ein hollandsk forskar meiner at der er fire dimensjonar som deler personer sitt forhold til leiing og management. Desse er:

- Maktavstand: Kva forhold har dei ansatte til makt? Må man sei sin sjef imot, eller er det uhørt? Skal man adlyde ordre eller f.eks. diskutere tidsplan og arbeidsmiljø med sjefen?
- Strukturingsbehov eller usikkerheitsundvigelse: I kva grad føler ein seg trua av det ukjente? Korleis reagerer ein på forandringar i arbeidet? Ønsker man som ansatt å ha fridom til sjølv å tilrettelegge sine oppgåver, eller føretrekk ein bundne oppgåver?
- Individualisme over for kollektivism: I kva grad føler man seg ansvarleg over for seg sjølv, og sin nærmaste familie? Tenker man på kva som er best for seg sjølv og karrieren. Eller meir på kva som vil være best for familien?
- Maskulin dominans (materialisme) kontra feminin dominans (humanisme): I kva grad er dei dominerande verdinormene materielle eller humane? Snakkar man om arbeidsmiljø eller løn?  
(Hofstede 1980).

Styrken med denne undersøkinga er at den viser at ansatte i globale virksomhetar reagerer ganske forskjellig på leiing, og at man derfor må utvikle leiing i overstemmelse med lokale kulturar. Undersøkinga sin svakheit er at dei spørsmål som ligger som grunnlag for undersøkinga er svært generelle og at mykje har forandra seg sidan undersøkinga vart gjort i 1980. Undersøkinga er og svært etnosentrisk ut frå ein vestlig synsvinkel (Jensen 2005).

## Moderne samfunn.

Nilsen (1995) skriver at Weber fant nøkkelen til kapitalismens framvekst i den protestantiske etikken, og da serlig den kalvinistiske varianten. Kalvinistane tolka suksess i økonomisk virksomheit som eit teikn på at man var guds utvalte. Livet før moderne samfunn er i stor grad bunde til slekta, og denne interne etikken hindret kapitalistisk lønnsomhetstenking i å trenge inn i de nære sosiale relasjonane (ibid).

Nilsen (1995) skriver at ovanfor fremmende praktiseras ein ekstern etikk der det økonomiske liv nærmast er utan normative bindingar og pregast av grådighet og hensynslausheit. I følge Weber er begge desse formene for moral uforenlig med rasjonell kapitalisme. Ein sentral nøkkel til Webers teori om kapitalismens framvekst ligger derfor i korleis motsetningane mellom disse to formene for moral blir brutt ned i Vestens historie. Nilsen (1995) skriver at det er to bærebjelkar i Webers teori: på den eine siden nedbrytningen av motsetningene mellom intern og ekstern etikk, og på den andre side at kapitalismens framvekst ble muliggjort av ein unik vestlig maktbalanse mellom ulike sosiale grupper og statar.

Kapitalisme seier Weber er identisk med streben etter stadig fornya gevinst - rentabilitet - ved å utnytte (formelt) fredelige bytte moglegheiter. Kapital regnskapet impliserer at ideelt sett skal alle beslutningar i føretaket vere styrt av ein generell norm om profittabilitet (Nilsen 1995).

## Tradisjonelle samfunn.

*"Weber (2000) beskriver tradisjonelt herredømme med enten en patriarkalsk struktur eller standsstruktur, der legitimiteten er knyttet til troen på at herskermakt og tradisjoner fra gammelt av er hellig og derfor må følges"* (Bergersen 2010:9).

Nilsen (1995) skriver at Weber hevder at i tradisjonelle samfunn stod ofte "den absolutte og beviste hensynslausheit i streben etter profitt i ein nær forbindelse med den strengaste tradisjonsbundheit". Dette inneberer at tradisjonelle samfunn er preget av ein dualistisk økonomisk etikk og denne etikken er gjerne kopla til trusforestillingar. Og den hindrar lønnsomhetstenking i å trenge inn i nære sosiale relasjonar (ibid).

Weber skiljer i boka si «Wirtschaft und Gesellschaft» (økonomi og samfunn) mellom fire typar handlingar. Desse er formålsrasjonell, verdirasjonell, affektuell og tradisjonell handling. Han knyter tradisjonell og affektuell åtfærd til tradisjonelle samfunn med tradisjonelt herredømme. Dette gjer han fordi han definerer formål og verdirasjonelle handlingar som rasjonelle. Altså å handle formålsrasjonelt er å ha *"bestemte mål som han vil gjennomføre og*

*orienterer handlingene sine etter mål, midler og bivirkninger og avveier rasjonelt midler mot mål og mål mot bivirkninger og de forskjellige mål mot hverandre” (Bergersen 2010:7).*

*Verdirasjonalitet blir beskrevet som ”en aktør handler verdirasjonelt ... på grunnlag av en bevist tro på den ubetingete etiske, estetiske eller religiøse egenverdien til en bestemt måte å forholde seg på, uavhengig av suksess” (Bergersen 2010:7).*

Brøgger (1993) skriver at landsbysamfunnet representerer *”ein type menneskelig fellesskap som i visse henseender kan sies å stå midtveies mellom stammesamfunnet og det moderne samfunn i den vestlige verden” (Brøgger 1993:23).* Landsbysamfunn kan vere like bindande som stammesamfunn og det er ikkje uvanleg at ein betjenar seg av slektskapsbetegnelser i tiltale, også der slektskap ikkje kan sporast. Brøgger (1993) skriver at det er fellestrekk mellom middelalderens landsbyform og tradisjonelle samfunn og viser til Aron Gurevich som seier at *”Middelaldermennesket var ikke et isolert individ som møtte verden på egen hånd; han var medlem av en gruppe og hans bevissthet ble formet av denne gruppens humør, stemninger og tradisjoner. Det var først og fremst de kollektive trosforestillinger og oppfatninger som formet hans overbevisning, herunder kriteriene på hva som var sannhet og løgn. Sannheten var det kollektivet trodde, og han satte aldri sin personlige overbevisning opp mot kollektivets sannhet. Videre skapte tilhørighet til kollektivet hos det enkelte individ en trang til å bekrefte de sannheter som var av avgjørende betydning for kollektivet. Sannheten var ikke noe absolutt, det var en kollektiv verdi, formet av gruppens mål og tradisjoner, og hadde sin basis utelukkende i disse” (Brøgger 1993:23-24).*

Brøgger (1993) skriver at ein kan beskrive landsbyfelleskapet som eit økonomisk system av ein anna type enn storsamfunn. Det er ein omfattande sirkulasjon av varer og tjenester, men utan pengar som rekneeinging. *”Det føres likevel mentalt regnskap, og dette regnskap er en viktig del av fellesskapet” (Brøgger 1993: 24).* Menneske er i eit samensatt gjeldsforhold med sine medmenneske innan fellesskapet, men er samtidig også kreditor. Dette gjelder alle, bortsett frå dei aller mest ressursvake. *”Innenfor et slikt økonomisk system får nære medmennesker en ganske annen betydning for hverandre enn der hvor byttet skjer gjennom kontant pengeoppgjør. Medlemsskap i et slikt Gemeinschaft gir en sterk følelse av tilhørighet. Men med denne tilhørigheten går det en stor grad av forpliktelse. Det som vinnes i tilhørighet, tapes i frihet” (Brøgger 1993:25).*

## Ubuntu tenking.

Shutte (2001) skriver at ubuntu betyr menneskelegheit og konseptet omhandlar kva det vil seie å være menneske og kva som er nødvendig for at menneske skal vokse og bli fullstendige. I kjernen av ubuntu er ideen om *umuntu ngumuntu ngabatnu*, som betyr personar er avhengig av at personar er personar. Det er ved å tilhøyra eit fellesskap som gjer at me blir oss sjølve. Fellesskapet er ikkje imot individet, eller der for å svelga det. Men heller der for å hjelpe det til å bli eit unikt senter for felles liv (ibid).

Bergersen (2010) skriver at ubuntu er eit verdssyn som kjem frå Afrika som beskriver kjerneverdiane i det å være eit godt menneske. Begrepet betyr «*jeg eksisterer fordi du eksisterer*» (Bergersen 2010:8). Å være ubuntu er å være saman i eit fellesskapssamfunn og respektere og innordne seg etter fellesskapets normer i trua på det guddommelege. Bonn (2007) skriver at ubuntu omhandlar afrikansk humanisme som vektlegger mellommenneskelege relasjonar som er saman kopla med ein åndeleg dimensjon. Fellesskapssamfunn er grunnleggande i ubuntu, og i tradisjonelle samfunn er fellessamfunnets tankar ofte dominerande med at det ikkje er mogleg å skilje det individuelle frå fellesskapet. ”*Fellesskapssamfunnet fungerer som en enhet som søker konsensus som det overordnede mål*” (Bergersen 2010:8).

Bergersen (2010) skriver at i ubuntu tenkinga inneberer det ein respekt for eldre og personar sitt levde liv. I tillegg til alder er kjønn ein viktig kjelde for respekt i tråd med paternalisme og patriarkat. ”*Relasjonar kan ikkje veles, men en må ta til seg all den kraft og energi som ulike relasjoner gir*” (Bergersen 2010: 8). Konflikta er og noko som blir sett på som nedbrytande og som ein prøver å unngå. Etikken omhandlar kor godt ein klarar å integrere ulike rollar og relasjonar i harmoni (Schuttle 2001).

## Behaviorisme.

Hutchinson og Oltedal (2003) skriver at behaviorisme er ein psykologisk tilnærming som tilseier at ein kan studere åtferd utan å vise til indre tilstandar. Altså at ein ikkje tek med indre aspektar som er umulige å observere. Steinsholt og Løvlie (2004) skriver at det er ein grein av psykologien som starta ved byrjinga av 1900-tallet og kan betraktast som ein ”*psykologisk orientering som anvender observerbar atferd og naturvitenskapelige metoder*” (Steinsholt og Løvlie 2004:513). Vidare skriver Steinsholt og Løvlie (2004) at dette gjer behaviorismen istedet for introspeksjon som er at ein lagar konstruksjonar om det mentale liv frå språklige



rapporter om subjektive opplevingar. Eit eksempel på introspeksjon i dag som metode kan vere f.eks. å tenke høgt.

Behaviorismen brukar samanhengen mellom stimuli og respons, og omhandlar åtferdsanalyse. Watson som verte regna som behaviorismens far valte å definere psykologien som *"vitenskapen om den menneskelige atferd"* (Hutchinson og Oltedal 2003:106). Watson er kjent for Stimulus-respons eller klassisk behaviorisme medan Skinner som er sentral i utviklinga av behaviorismen var opptatt av *"adferdens konsekvenser og hvordan konsekvensene virker tilbake på adferden"* (Hutchinson og Oltedal 2003:107). Operant-betinging, altså *"adferdens konsekvenser og hvordan konsekvensene virker tilbake på adferden"* (Hutchinson og Oltedal 2003:107). Som vil seie at individet prøver aktivt å påverke omgivelsane med mål om at omgivelsane skal bli slik at individet skal klare seg betre (ibid) (Steinsholt og Løvlie 2004).

Innanfor operant-betinga behaviorisme er det lover for å forsterke åtferd og redusere åtferd. Innanfor å forsterke åtferd er det positiv forsterkning som er at ein gir ros eller andre materielle eller sosiale forsterkarar, og negativ forsterkning som er å fjerne noko som individet har opplevd som negativt. For åtferdsreduksjon så er det å fjerne noko som har vert opplevd som positivt og innføre noko som opplevas som negativt (Hutchinson og Oltedal 2003). Steinsholt og Løvlie (2004) skriver at i dag er det den radikale behaviorismen, eller åtferdsanalysen som er aktuell innanfor klinisk arbeid og vitskapeleg psykologi.

## Metodekapittel.

### Kva er metode.

Tranøy definerer metode som ein framgangsmåte for å frambringe kunnskap eller etterprøve påstandar, som framsettes med krav om å være sanne, gyldige eller haldbare. Og Vilhelm Aubert formulerer det som *"En metode er en fremgangsmåte, et middel til å løse problemer og komme frem til ny kunnskap. Et hvilket som helst middel som tjener dette formålet, hører med i arsenalet av metoder"* (Dalland 1993:21). Metoden fortel oss noko om korleis me bør gå til verks for framskaffing eller etterprøving av kunnskap (Ibid). Å bruke ein metode er å følge ein bestemt veg mot eit mål. I ein samfunnsvitenskapelig metode omhandlar det korleis me skal gå fram med denne informasjonen om den sosiale verkelegheita, og korleis denne informasjonen skal analyserast, og om kva den fortel oss om prosesser og forhold i samfunnet (Johannessen, Tufte og Christoffersen 2010). Dei seier at dei viktigaste kjenneteikna med metode er *«systematikk, grundighet og openhet.»* (Johannessen, Tufte og Christoffersen 2010:29).

Når ein skal velje metode så er det to hovudtypar, og det er kvalitativ og kvantitativ metode. Dalland skriver at den kvalitative metoden har den fordel at den tek sikte på å forme informasjonen til målbare einingar som i sin tur gir oss moglegheiter til å foreta rekneopparasjonar som det å finne gjennomsnitt og prosentar av ein større mengde. Den kvalitative metoden tek i større grad sikte på å fange opp opplevinga og meininga som ikkje lar seg talfeste eller måle. Begge metodane tek sikte på å skaffe ein betre forståing for det samfunnet me lev i, men med ulike tilnæringsmetodar (Ibid).

### Kvalitativ metode.

Når eg skal velje metoden eg skal bruke så er det viktig at eg forstår at metoden er reiskapen mitt i møte med det eg vil undersøke. Den metoden eg vel hjelper med datainnsamlinga. Eg vel å bruke ein kvalitativ metode fordi den større grad tek sikte på å fange opp meiningane og opplevingane som ikkje lar seg måle eller talfeste. Den kvalitative og den kvantitative metoden tek sikte på ei betre forståing av det samfunnet som me er i, og da korleis institusjonar, grupper og enkelt menneske handlar og samhandlar (Holme og Solvang 1991) (Dalland 1993).

*"Kvalitativ metode er særleg hensiktsmessig viss vi skal undersøke fenomenar som vi ikkje kjenner særleg godt, og som det er forsket lite på, og når vi undersøker fenomenar vi ønsker å*

*forstå mer grundig*” (Johannessen, Tufte og Christoffersen 2010:32). Nokre kjenneteikn med den kvalitative metoden er at den omhandlar følsomheit med at den vil få fram best mogleg gjengivelse av den kvalitative variasjonen. Den går i dybden og skaffar mange opplysningar om få undersøkings einingar. Den får fram det særigne med at den får fram det som er spesielt eller eventuelt avvikande. Den kvalitative metoden er og prega av fleksibilitet med bruken av intervjumetode. Den har nærleik til feltet med at datainnsamlinga skjer i direkte kontakt med feltet. Den data innsamlinga blir og tatt sikte på med å få fram ein heilheit og ein samanheng. Den har forståing med at framstillinga tek sikte på å formidle forståing. Metoden er deltakande med at du som informasjon innhentar ser fenomenet innanfrå og at du er med på å påverke med delaktigheit. Det er og eit eg/du forhold mellom deg som informasjons innhentar og undersøkings person (Dalland 1993).

Når ein vel metode og jobbar med informasjons innhenting så må ein være klar over at det er i kvalitative undersøkingar også er element av kvantifisering og at mange kvantitative forskarar tolkar også den informasjonen som dei innhentar. Martinussen seier at *”alle data er kvalitative: de er registreringer av en eller annen egenskap eller kvalitet”* (Dalland 1993:24).

## **Intervju.**

Kvalitativt intervju er *”en samtale med en struktur og et formål”* (Johannessen, Tufte og Christoffersen 2010:135). Intervju er den metoden som er den mest brukte for å samle inn kvalitative data på. Intervju er ein fleksibel metode som ein kan bruke nesten overalt, og ein metode som gjer det mogleg for deg å få fylldige og detaljerte beskrivingar. Dei fleste informantar vil nok og føle seg meir komfortable i eit intervju, fortsett at tema ikkje er vrient eller sensitivt (Johannessen, Tufte og Christoffersen 2010). Kvale og Brinkmann vektlegger at det kvalitative intervjuet sin hensikt er å få fram beskrivelsar av kvardagsverden til informanten for å kunne tolke betydinga av dei fenomena som beskrivast. Og at registreringer av svara på spørsmåla som du har utgjer dataene i kvalitative intervjuar (ibid).

Intervju er ein metode som henger samen med observasjon. Og viss den er brukt på ein god måte kan desse metodane utfylle kvarandre og gje betre resultat i form av data som er meir enn ved å berre ta i bruk ein av metodane. Under intervju som metode så brukar ein seg sjølv som instrument. Dette er med at ein brukar sansane sine og ut i frå desse så dannar ein seg eit inntrykk og det er desse inntrykka du lagar data av. Bruken av intervju som metode kjem på bakgrunn av problemstillinga. Dette er som Dalland skriver at *”det hjelper (...) lite å velje den «riktige» metoden dersom en ikke behersker den”* (Dalland 1993:38).

## Utval.

Eg har valt å intervjuje barnehageleiaren på Sos-barnehagen i Livingstone og to ansatte for dei eldste barna i barnehagen. Eg valte og å ha gruppe intervju med tre andre førskolelærarar frå ein anna barnehage i Livingstone. Grunnen til at eg valte å gjere eit gruppe intervju var grunna tidsbruk.

## Beskriving av utval.

Min problemstilling er angåande barnehagen i SOS-barnehagen i Livingstone, så derfor syns eg det er mest relevant å intervjuje dei som jobbar der. Eg valte å intervjuje begge ansatte på storbarn avdelinga fordi det var der eg hadde vært under min praksis, og eg syns eg har eit betre forhold til dei, og vil kanskje da få betre svar av dei på bakgrunn av det med tanke på høflegheit framfor erlegheit som er dominant innan Zambisk kultur. Eg vil og intervjuje nokre førskolelærarar frå ein anna barnehage for å kunne sette intervju frå SOS-barnehagen i eit betre perspektiv. Eg vil og intervjuje nokon som har ein større erfaring med den norske kulturen, men som jobbar innanfor barnehagen som førskulelærar. Dette er for å sette perspektiv på språkproblema og eventuelle andre missforståingar som kan komme opp på grunn av kulturelle forskjellar mellom intervjuar og intervjuobjekt. Her valte eg å intervjuje rektor ved SOS-barnehagen.

## Datainnsamling.

Datainnsamling er *"dokumentasjon eller data, som gjennspeigler den verkelegheita som undersøkes"* (Johannessen, Tufte og Christoffersen 2010:33). Som forskar så må du vurdere og bestemme kven som skal være med i undersøkinga, vis det er individ som skal undersøkast. Du må og ta stilling til storleiken på utvalet, altså kor mange informantar som skal delta. Utvalgsstrategi, altså kva prinsipp som skal ligge til grunn for utvelgelsesprosessen, og rekruttering med korleis du skal skaffe deg informantar (Johannessen, Tufte og Christoffersen 2010). Under datainnsamling må de *"samle inn de data som er mest relevante og pålitelige ut i frå problemstillingene (...) og all datainnsamling må dokumenteres"* (Johannessen, Tufte og Christoffersen 2010:33). Dei vala eg har gjort er at eg har samla inn data gjennom intervjuobjekt hovudsakleg frå SOS-barnehagen i Livingstone, men og frå andre barnehagar. Dette valet har eg gjort for å ha eit meir konkret datainnsamling i forhold til min problemstilling. Eg har og valt å intervjuje andre utanom SOS-barnehagen for å få perspektiv på datainnsamlinga, og for å få perspektiv på eventuelle kommunikasjonsproblem.

## Analyse av datainnsamlinga.

Når ein skal innsamle data så er det krav om systematikk. «Reglene om systematisk utvelging av data tar sikte på å hindre at data blir valgt på en slik måte at det påvirker resultatet av undersøkelsen» (Dalland 1993:28). Altså at ein skal forhindre at eg kan velje dei data som gir det svaret som eg ønsket. Ved at eg bruker intervjumetode som datainnsamling så har eg ein kvalitativt orientert metode, med at eg da henvender meg til grupper eller enkeltpersoner som ein på forhand meiner har noko spesielt å bidra med i forhold til undersøkinga. Dette kallast eit strategisk utval. Konsekvens av dette blir at ein argumenterer om utvalet ein har gjort er blitt gjort på ein fagleg overbevisande måte. Når eg vel ut informantane mine så er det viktig at eg er strategisk (ibid). Det vil seie "at en velger de personene som en tror har noe å fortelje om akkurat det fenomenet vi er ute etter" (Dalland 1993:29). Dalland (1993) skriv at ein skal vise redegjerelse for korleis data ein har valt, og at dette skal vise så godt som mogleg at utvalet ikkje er gjort for å få eit bestemt svar. Det er ikkje lett å få dei informantane ein ønskjer seg, så det er viktig at ein beskriver framgangsmåten så erligt og så oppriktig som mogleg slik at lesaren blir delaktig i korleis ein har utført utvalet (Dalland 1993).

Data som ein innsamlar skal brukast så nøyaktig som mogleg fordi ein skal tilskrebe ein objektivitet. Det skal da være mest mogleg nøyaktig under insamlingen, behandlingen og analyseringen. "Resultatet skal være minst mulig avhengig av den som utfører undersøkelsen" (Dalland 1993: 29). Målet med datainnsamlingen blir da at ein anna person skal kunne oppnå det samme resultatet som du fekk ved å følge den samme framgangsmåten som du har brukt (ibid).

## Validitet og reliabilitet.

Validitet eller gyldigheit er ein betegnelse på korleis for eksempel ein test målar det den er konstruert for å måle. Graden av gyldigheit kan undersøkast med å samanlikne det med eit forhandsbestemt kriterium, men på områder utan faste kriterium så må det samanliknast med bruk av meir indirekte metodar. Ein betegnelse for validitet som ikkje nødvendigvis er nødvendig er måleinstrumentets reliabilitet. Reliabilitet er målemetodens grad av konsistens og stabilitet i målingane. Når ein test har høg reliabilitet kan man seie er når man får same svar på spørsmålet ein har gitt. Gjerne fleire gongar men med forskjellig formulering (www.snl.no).

Validitet og reliabilitet handlar her om kvalitetssikring. Og det blir da viktig å klargjere den førforståelsen ein har om det ein skal undersøke. Me har alltid nokre fordommar om eit tema.

*”En fordom er en dom på forhånd, det betyr at vi allerede har en mening om et fenomen før vi undersøger det”* (Dalland 1993:30). Me kan ikkje unngå å ha tankar om eit tema, og det er dette som kallast førforståelse. Det er lettare å leite etter data og eventuelt avkrefte dei forklaringane av fenomenet som ein sjølv har gjort før ein begynner vis ein har klargjort kva tankar ein har kring tema ein skal undersøke (Dalland 1993).

Resultata ein produsera skal være kontrollerbare, det vil sei at dei skal vere utført på ein slik måte at det tillater kontroll, etterprøving og kritikk. Ein må og jobbe med å sjå samanhengen. Altså at forskaren ser seg sjølv som ein del av den forskningsverksamheita som skjer. Altså at ein er kumulativ. *”Kumulativ betyr at en bygger videre på den forskning som allereie foreligger og som en har tillit til”* (Dalland 1993:31). Ein skal og ha bevisstheit om sine verdiar på menneskelege, politiske og faglege plan. Ein skal være objektiv. Tranøy seier at *”Objektivitet betraktes som en nødvendig betingelse for vitenskapelighet også der hvor forskningsobjektene og deres vesentlige egenskaper umulig kan sies å ha objektiv eksistens i naturvitenskapelig mening”* (Dalland 1993:32). Å være objektiv er noko som er vanskelig fordi ein skal ikkje være subjektiv som betyr å være tilbøyeleg til å la personlege oppfatningar dominere (ibid).

### **Etiske hensyn.**

Når ein skal ta etiske hensyn så er det viktig å tenke over at det kan oppstå interessekonfliktar mellom deg som utfører ein undersøking og dei personane som er involvert i prosjektet. *”Vi har med mennesker å gjøre, og de skal ivaretas på en skikkelig måte. Det betyr at vi må tenke gjennom hvilke etiske utfordringer arbeidet vårt medfører og hvordan de kan løses”* (Dalland 1993:100). Men kva er etikk? Etikk omhandlar normene for riktig og god livsførsel. Altså skal etikken gje oss ei veiledning og eit grunnlag for dei vurderingane me tek før me utfører ei handling. Det finnes ulike måtar å forklare etikk på, og da ulike «etikk former», som igjen kan danne grunnlaget for missforståelsar. Tranøy (1991) klargjer dette med å bruke *”begrepet grunnlagsetikk om teoretisk etikk eller moralfilosofi mens han benevner de ulike felt som etikken anvendes på for områdeetikk”* (Dalland 1993:100).

Dalland skriver at grunnlaget for dagens tenking om etikk og forskningsetikk bygger på Nürnbergkoden frå 1946 som inneberer at ein ikkje kan *”løpe fra sitt personlige ansvar for sine egne handlinger ved å påberope seg ordre eller instruks”* (Dalland 1993:103).

Under planleggingsfasen så må ein stille seg spørsmål om den kunnskapen ein skal prøve å skaffe seg, og om kven som vil dra nytte av den. Å ha ein slik gjennomgang kan være med på

å korrigere val av prosjekt samt være motiverande for det vidare arbeidet med prosjektet. Det er lettare å foreta etiske overveingar vis ein har prøvd å danne seg eit mentalt bilde av den ferdige rapporten (ibid).

Når ein innhentar informasjon frå andre så har dei rettigheitar som tilseier at dei kan avslutte når det passar for dei. Som forskar så er det viktig at du respekterer dette, og at du informerer informanten din om dette i forkant. Dette er grunna at informasjonen du innhentar skal skje med frivillig samtykke frå informanten. Hensikta med informert samtykke er ifølge hovudkomiteen for norsk forskning at ein skal *”styrke enkeltindividets autonomi og oppmuntre til selvstendige og ansvarlige beslutninger”* (Dalland 1993:106-107). Dalland skriver at det å dele sine opplevingar med andre eller gi frå seg informasjon, er å utlevere seg sjølv. Informanten skal da vite kva informasjonen blir brukt til og kva hensikta med undersøkinga er. Ein må da tenke over kven informanten er ein ønsker informert samtykke frå, *”og legge opp informasjonen etter den bakgrunn og de forutsetninger vedkommende har”* (Dalland 1993:107). Det er og deg som intervjuar og forskar å sikre deg om at informasjonen verkeleg er oppfatta. Og ein metode for å oppnå dette er å få deltakaren til å gjenta informasjonen på ein eller anna måte.

Ein må velje sine informantar med omhu og med ein baktanke angående sensitiv informasjon som kan komme opp. Det er ditt ansvar at informanten forstår formålet med undersøkinga, og at han/ho har er klar over valgfridomen iforhold til å oppgi informasjon. Dette er spesielt viktig å være klar over som forskar vis ein har med uerfarne informantar fordi da må ein *“utvise en annen type aktsomhet enn overfor en fagperson”* (Dalland 1993:112). Anonymitet er ein del av den etiske overveinga, sjølv om det å ivareta anonymitet kan gjerast på mange måtar, og at det er på mange måtar ein teknisk ferdigheit så er taushetsplikten rådande. *”Taushetsplikten gjelder både ved innsamling av materiale og når resultatene gjøres kjent for andre muntlig eller skriftlig (Bull 1992)”* (Dalland 1993:108). Dette vil seie at ein ikkje kan bringe vidare opplysningar frå undersøkinga utan å sikre seg at ein har foretatt den anonymiseringa som er nødvendig, sjølv om ein snakkar med andre som sjølv har underskevet eit taushetsløfte. Det er ikkje namnet eller kva adresse vedkommande har som er interessant men derimot kanskje alder, kjønn, utdanning og sosial bakgrunn. *”Det er de ulike kategoriene og det kategoriene representerer vi bør legge vekt på”* (Dalland 1993:109). Altså at ein skal bruke anonymiseringa til å styrke typebeskrivelser meir enn individuelle karakteristikk. Me skal anskaffe oss ein distanse til stoffet og da sjå det generelle i det individuelle (Ibid).

Når ein skal formidle resultatene så handlar forskning om å søke etter ein sannheit og ny kunnskap. Hensikten med denne nye kunnskapen er at den skal formidlast til andre. Men spørsmålet om ein skal seie sanninga sjølv om det kanskje kan verte ubehageleg for den det gjelder, og for ein sjølv kan verte aktuelt. Ein må tenke over kva grupper ein bør formidle kunnskapen til, og om denne kunnskapen er egna for den gruppa. Dette fordi ”*normer er så forskjellige, og det påvirker normene å gi kunnskap (Heen 1981:106)*” (Dalland 1993:111). Ein dårleg løysning er vertfall å la det komme overrumplande på den eller dei det gjelder. (ibid).

### **Metodekritikk.**

Her skal eg ta for meg feilkjelder med metoden min, som vil være blant anna fordelar og ulemper med min valte metode. Kulturforskjellar og korleis det påverkar objektiviteten. Kritikk og drøfting med dokumenteringsmetoden av informasjonen. Relasjonar til intervjuobjekta samt begrunnelse for antall og valte intervjuobjekt.

Med intervjuet så valte eg å gje ut spørsmåla på forhand til intervjuobjekta, med dette håpa eg på å få betre svar på bakgrunn av forberedningstid og eliminere nokre av dei kommunikasjonsproblemane som måtte oppstå. Det negative med å gje ut spørsmåla på forhand er da at dei svara eg får tilbake er dårlegare fordi dei gjer meg det dei trur eg vil høyre. Altså eit konstruert svar som ikkje stammar frå dei sjølv, men frå andre faktorar. Dette var nokre av dei ulike sidene som eg veide opp mot kvarandre før eg tok beslutninga om å gje ut spørsmåla på forhand. Eg følte at det var meir positivt enn negativt så eg valte å gje ut spørsmåla nokre dagar før eg hadde intervjuet, noko som igjen har påverka korleis resultat og utbytte eg fekk frå intervjuobjektet.

Kulturforskjellane mellom meg som intervjuar og intervjuobjekt var store, og eg vil seie at me hadde ein ulik forståing på nokre, vis ikkje alle områder på bakgrunn av våre forskjellar. Dette kjem til syne i forhold til dei svar eg fekk under intervjuet i forhold til kva svar eg kanskje hadde forventa. Her meiner eg forståelsen for spørsmålet inn kjem inn. Med at eg lagar spørsmåla og eg da spør om det eg syns er viktig, så brukar eg da mitt synspunkt som påverknadsvariabel for intervjuet. På same måte som dei svarar det som etter deira synspunkt er viktig, så kan eg oppfatte det som mindre viktig, eller og kanskje feil med bakgrunn på min forståing av tema. Sjølv om me begge meiner kanskje det beste, og gjev det svaret som me meiner er riktig.



Kommunikasjonsproblemer mellom intervjuar og intervjuobjekt. Her er det vanskeleg heitar innanfor kommunikasjonen og forståelsen av kvarandre og kva me meiner, på bakgrunn av hovudsakleg ulike morsmål. Å kunne utrykke seg på best mogleg måte vil verte vanskeleg når intervjuet går føre seg på eit anna språk enn morsmålet. Eg er redd for at det er mange ledd i kommunikasjonen under intervjuet, alt frå prosessen med å lage det, formulering av spørsmåla, non-verbal kommunikasjon under sjølv intervjuet, formulering av svar og da min oppfattelse av svara som blir gitt. Eg valte å ikkje bruke bandopptakar, litt for å ikkje bruke tid på transkribering, men mest på grunnlag av økt press på intervjuobjektet under intervjusituasjonen. Det eg gjorde var at eg hadde med meg ein anna person som hjelpte meg med å skrive ned svara som vart gitt, på den måten få to synspunkt og kanskje da få med seg meir av dei svara som blir gitt. Her kjem det og inn problem med oppfattelse av det som blir sakt og gjort under intervjusituasjonen. Her vart det kommunikasjons problem med at medhjelpar ikkje fekk med seg alt, og da kanskje andre ting enn kva eg med midt synspunkt syntes var viktig. Men det eg sitt igjen med er at ein må være meir kritisk på andre faktorar enn berre det intervjuobjektet seier. Faktorar som for eksempel relasjonar mellom deg og intervjuobjektet kan ha stor betydning for kva svar du får ut av det i eit land som Zambia, der høglegheitskulturen er større enn erlegheitskulturen som me har i Norge.

Mitt forhold til intervjuobjekta var ikkje nøytrale. Eg valte å intervjuje ansatte på SOS barnehagen og ansatte på ein anna barnehage i Livingstone. Alle av intervjuobjekta hadde eg da tidlegare kjennskap til med at eg hadde vert i barnehagen under praksisperioden. Dette påverka nok resultatet med at det ikkje var eit nøytralt forhold mellom meg som intervjuar og dei som intervjuobjekt. Det positive kan vere at dei stolte meir på meg sidan dei kjente meg, og at intervjuet gjekk meir uformelt for seg, og kanskje hadde ein meir samtaleprega innhald enn vis eg ikkje hadde kjennskap med dei frå før. Det negative kan være at dei kanskje takka ja til å bli intervjuja sjølv om dei kanskje ikkje ville på bakgrunn av tidlegare kjennskap med meg. At dei svara som vart gitt mine spørsmål var meir svada, altså det som nokon kanskje vil kalle tullprat for å være høfleg mot meg, og at validiteten, altså dei svara eg fekk ikkje var i så godt samsvar med det eg var ute etter å finne ut.

Grunnen til at eg valte å intervjuje andre enn dei ansatte i SOS var for å få noko å samanlikne dei resultata eg fekk på SOS. Eg intervjuja ein barnehage som var privat og med eit religiøst fokus, noko som igjen vil kanskje verte ein påverknadsfaktor på dei svara eg fekk. Det positive med å intervjuje ein anna barnehage syns eg er at eg får eit betre overblikk over korleis det er på SOS ved å sjå kva som er likt og ulikt med ein anna barnehage. Ved å da få

informasjon om same emnet men frå forskjellige plassar så kan eg kanskje få eit betre innblikk i dei serpreg som er hos SOS, samanlikna vis eg berre hadde intervjuobjekt frå SOS. Det negative kan vere at eg blir påverka av dei resultatata eg fekk hos den andre barnehagen, og at eg da missforstår dei på bakgrunn av min forståing for problemstillinga min eg stilte spørsmål om.

Alt i alt, så vert det kritikk ovanfor det eg meiner eg har funne ut. Det er fordi at det har gått gjennom så mange faktorar, alle med moglegheit til påverknad på min oppfattelse av den informasjonen som vart gitt. Så det eg har funne ut er ikkje nødvendigvis det som er sant, men det er min oppfattelse, og da min konstruerte sannheit av den informasjonen som eg har innhenta.

## Presentasjon av empiri.

### Interesse.

Intervjuobjekta mine skriver at det er ei personleg interesse som er noko som ligg til grunn for valet av yrke deira. Dei fortel om deira barndom med at dei vart inspirerte av deira lærara når dei var barn, og at kanskje det var noko av grunnen til at dei valte yrke. *"Eg såg opp til læraren min veldig mykje, så eg ville være slik som ho"* (Intervjuobjekt 1). Eg fekk vite at det var ein *"personleg interesse for barn"* (Intervjuobjekt 3). Altså at det var *"Ein interesse for barn og det var derfor eg valgte å bli lærar i barnehagen"* (Intervjuobjekt 2). Ein anna barnehage i Livingstone sa *"eg har ein lidenskap og interesse for barn, og det med å leike med barn"* (Intervjuobjekt 4, 5 og 6). Det er viktig at dei ansatte har gode moralar og er ydmjuke og opne for kvarandre. Eg fekk og som svar at ein god lærer er ein *"som forstår barn, og som setter barn i fokus og som er tilgjengeleg og gir av seg sjølv"* (Intervjuobjekt 1).

### God lærar.

Når eg spurde intervjuobjekta mine om dei kunne beskrive kva dei syns ein god Zambisk førskulelærar er så fekk eg vite at det er ein person som *"forstår barn, og som setter barn i fokus og som er tilgjengeleg og gir av seg sjølv. Gir av seg sjølv forran alt anna"* (Intervjuobjekt 1). Intervjuobjekt 2 seier at ein god lærar er ein som *"forklarar vidare kva som har blitt lært. Altså lærer frå seg det som ein lærte på skulen"* (Intervjuobjekt 2). Intervjuobjekt 3 seier at det er ein *"som bruker barne sentrerte læringsmetodar, og som ser kvart enkelt barn slik at ingen barn blir aleine (...) Ein god lærar involverar og alle barna"* (Intervjuobjekt 3). Personlegheita til ein god førskulelærar bør være *"ein person som er tolmodig og tolerang"* (Intervjuobjekt 1). *"Tolmodig og tolerang er kvalitetar eg meiner er bra"* (Intervjuobjekt 1). Dette er kvalitetar som hovudsakleg kom frå deira personlegheit, men og frå institusjonen dei jobba på. Sos arbeidar med at barna skal være nr.1 (Intervjuobjekt 1). Intervjuobjekt 2 og 3 seier at det er ikkje personlegheita til læraren som utgjer den viktigaste faktoren, men det som du gjer i klassen og at *"fokuset må være på det som skal lærast"* (Intervjuobjekt 2).

Når uønskt situasjonar oppstår så brukar lærarane kommunikasjon som verkemiddel for å løyse situasjonen. *"Eg prøver å få dei til å forstå stiuasjonen og kvifor det er feil å gjere noko. F.eks. å slå andre. Og eg prøver å få dei til å sei unskuld til kvarandre og får dei til å bli venner igjen"* (Intervjuobjekt 3). Når dei praktiserer positiv tilbakemelding så brukar dei og kommunikasjon med at dei verdsetter barnet med ros og oppmuntring.

## Kva er viktig å lære.

Når eg spurte om kva dei sjølv syntes var viktig å lære barna så svarte intervjuobjekt 2 at *”Det er faga som er viktige å lære, og det er viktig å lære like mykje på kvart fag. Det er og viktig å lære dei å forstå oppgavene eg gir dei, og at dei gjer som eg seier”* (Intervjuobjekt 2). Intervjuobjekt 3 svarte *«det er viktig å lære dei kulturen. At dei forstår bakgrunnen sin og kvifor dei lærer dei tinga dei lærer. Eg syns og at dei burde lære seg å være meir sjølvstendige»* (Intervjuobjekt 3). Personar frå ein anna barnehage: *«Dei bør vite om kulturen deira og kvar dei kjem frå. Arithmatiks skills, altså ting som har med tall. Lesing er og noko som eg syns er viktig og dei bør også vite korleis ein skal oppføre seg ovanfor andre»* (Intervjuobjekt 4, 5 og 6).

Under mitt praksisopphald så innhenta eg data i form av mine egne refleksjonar som eg skreiv ned etter kvart. Dette er eit sitat frå ein behandla del av denne data innsamlinga. *”Under praksisopphald i sos barnehagen i Livignstone merka eg meg at dei hadde fokus på at ein skulle lære barna å ta vare på kvarandre. Med dette skulle dei lære ulike ferdigheitlar som empati og refleksjon over egne tankar og handlingar, og desse ferdigheitene vart dei oppmuntra til å utføre. Men eg reagerte på at i undervisningssamanheng hadde dei svært lite, viss ikkje ingen gruppe aktivitetar, noko eg syntes var rart med tanke på at det er noko eg forbinder med utførelse og læring for desse typar ferdigheitlar. Det eg tenkte var at eg syntes det var rart at dei promoterte enkelte ferdigheitlar, men ikkje jobba aktivt mot dei. Men etter ettertanke så kom eg inn på at deira metodar som kanskje eg synes er lite effektive, kanskje er effektive i Zambisk samanheng”* (Vedlegg 3).

## Ein god Zambisk person.

Ein god Zambiar blir beskrive som ein som er *”utmjuk og høfleg person. Og ein gudstruande person, fordi zambia er ein kristent land, så me ser gudstruande personar som gode mennesker”* (Intervjuobjekt 1). I intervjuet kjem det fram at det å ha empati og respekt for andre er verdiar som står sterkt, og som påverkar pedagogisk praksis med at barna skal vise desse verdiane til kvarandre og lærarane. Men måten det blir praktisert på som kan missoppfattast av nokon med anna kulturell bakgrunn. Personlegheita bør være ein *”som er tolmodig og tolerang”* (Intervjuobjekt 1).

Zambisk kultur blir nemnt som noko som er vanskeleg å beskrive og fordi det er så mange ulike grupper med ulikt språk i landet så er det mange ulikheitlar. Men det er og mange likheitlar innanfor kulturen i Zambia. *«Her er mat og kosthold typisk. Korleis me tek I mot*

*besøkende er veldig likt. Korleis me adreserar dei vaksne, med at me adreserar og behandlar dei med respect uansett om me kjenner dei eller ikkje. Me må behandle personar i foreldrene dine sin aldersgruppe med respekt» (Intervjuobjekt 1).*

Å være ein god Zambiar er noko som er viktig for førskulelærarane ved sos-barnehagen. Dette inneberer at ein skal være ydmjuk og høfleg, tollerang og tolmodig. Som førskulelærer så er du ein viktig rollemodell og ein viktig sosialisator for barna. Det er mykje gjennom korleis ein utfører sitt arbeid og korleis ein forholder seg til barna og andre ansatte ein førskulelærer påverkar barna. Eg har tatt med dette fordi dei verdiar og normer som vektleggast er i tråd med kva dei meiner ein god Zambiar er. Den Zambiske kulturen er ein viktig påverknadsfaktor på utførelse av læringsmetode samt korleis førskulelæraren interakterar saman med dei rundt seg.

### **Kva dei syntes er viktig å lære barna.**

Under intervjuet så spurde eg blant anna om kva dei syntes var viktig å lære barna.

Intervjuobjekt 1 svarte at det som var viktig for barn å kunne er *”det grunnleggjende innan tall, bokstaver og dagleglivet som moral”* (Intervjuobjekt 1). *”læring er ein kontinuerlig prosess (...). Vis dei lærer det grunnleggjande no, så gir me dei eit godt grunnlag for vidare læring”* (Intervjuobjekt 1). *”Det er faga som er viktige å lære, og det er viktig å lære like mykje på kvart fag. Det er og viktig å lære dei å forstå oppgavene eg gir dei, og at dei gjer som eg seier”* (Intervjuobjekt 2). *”Eg syns det er viktig å lære dei kulturen. At dei forstår bakgrunnen sin og kvifor dei lærer dei tinga dei lærer. Eg syns og at dei burde lære seg å være meir sjølvstendige”* (Intervjuobjekt 3).

Eg spurde og om kva faktorar som påverka læringsmetodane som vart brukt og da kom det fram *”Her i Zambia er læremetodane eigentleg ikkje påverka av familie bakgrunn og kultur. Me får metodane av akademikarane som introduserar utdanning til landet”* (Intervjuobjekt 1). *”Eg har vert påverka av utdanninga mi med metodane som me har blitt lært der, men eg har og blitt påverka av min eiga personlegheit i forhold til dei metodane eg brukar”* (Intervjuobjekt 3).

### **Rammeplanen sit innhald og utførelse.**

*”Under mitt praksisopphald i Zambia så fekk eg prøve meg som førskulelærer, og herav brukte eg rammeplanen som sos-barnehagen i Livingstone brukte. Når eg gjorde dette så brukte eg rammeplanen for å blandt anna lage eit dagsopplegg for dei elste i barnehagen. Men den responsen eg fekk av dei ansatte var meir negativ enn positiv. Dette var noko eg*

*syntes var frustrerende i begynnelsen fordi eg forventet det ikke, med tanke på at eg tok utgangspunkt i deira rammeplan, altså det offentlege dokumentet som omhandlar kva og korleis dei skal gjere det. Men i ettertid så merkte det meg at det var ein forskjell mellom kva det stod i rammeplanen at dei skulle gjere, og kva dei gjorde i praksis. For å teste dette vidare så lagde eg meg eit nytt dagsopplegg der eg tok utgangspunkt i den praksis eg hadde observert frå dei ansatte. Tilbakemeldingen var da mykje meir positiv. Etter å ha reflektert over dette funnet så meiner eg at sos-barnehagen sin rammeplan er inspirert av dei pedagogiske teoriane til Fröbel og Montessori, medan den pedagogiske praksis er meir Behaviouristisk” (Vedlegg 3).*

## Drøftingsdel.

Her skal eg ta for meg kva ein god Zambiar er på grunnlag for kva som styrer handlingane eg har observert i praksis samanheng hovudsakleg i sos-barnehagen i Livingstone. Eg vil drøfte kva dei sa og gjorde opp mot kvarandre grunna eg meiner det er ein sprik mellom det teoretiske og det praktiske på grunnlag av observasjon og intervju. Eg vil vidare drøfte det dei meiner er ein god førskulelærer og prøve å forklare dei svara som dei Zambiske førskulelærarane har gitt meg kontekstuel.

## Interesse som grunnlag.

Under intervju med Zambiske førskulelærarar så fekk eg det inntrykket av at valet for yrket var noko som har komme ut frå eige interesse, og at det er noko som dei har ønska før dei valte å ta utdanninga. *”Eg såg opp til læraren min veldig mykje, så eg ville være slik som ho”* (Intervjuobjekt 1). Kan det være at ein valte å verte førskulelærer på grunnlag av det tradisjonelle samfunnets fellesskapsetikk. Brøgger (1993) skriver at menneske i tradisjonelle samfunn er avhengig av kvarandre. *”Medlemskap i et slikt Gemeinschaft gir en sterk følelse av tilhørighet. Men med denne tilhørigheten går det en stor grad av forpliktelse. Det som vinnes i tilhørighet, tapes i frihet”* (Brøgger 1993:25). Kanskje er det da slik at å være lærar i SOS-barnebyen krev noko ekstra av deg sjølv som person. På nettsida til, samt boka om SOS-barnebyar så står det at nokre av deira sentrale punkt er at arbeidet skal vera prega av stabilitet og langsiktig heit. Dei vil ha varige betringar i livskvaliteten og levevilkåra til barna. Med å være lærar her så har du ei auka ansvar ovanfor barna og på grunnlag av at mange av dei er foreldreause, har du og ei ekstra viktig voksen rolle ovanfor desse.

Som førskulelærer for barna i sos-barnehagen så står om SOS-barneby sin pedagogikk at den er prega av Montessori og Fröbel sine teoriar som i følgje Steinsholt og Løvlie (2004) er at barnet skal ikkje fyllast at den vaksne, men heller få moglegheita til å samspele og oppdage verda saman med ein vaksen. Dette skal gjerast ut frå barnets oppfattelse av omverda som ein heilheit. Men det eg har observert under praksisopphald er at denne læring gjennom leik ikkje er så tilstedeverande som dei kanskje gir uttrykk for gjennom rammeplanen og intervjuer. Det eg observerer er ein meir behavioristisk læringsmetode som er prega av ein lærar gir beskjed til barna, som i denne konteksten betre kan kallast elevar. Og deira oppgåve blir ikkje å kunne utforske saman med dei vaksne, eller løyse problema sjølve ved hjelp av den tilgjengelege vaksne. Men heller følgje ei instruks, gitt av ein autoritetsfigur. Og da prøve å følgje denne så godt som mogleg. Kanskje er det slik at samfunnsrealiteten i Zambia er slik at det er viktig å

lære seg å ta i mot beskjedar, følgje hierarkiske rollar og følgje instruksar etter beste evne. Dette ettersom realiteten er at ein del av barna i barnehagen, og i skulesystemet generelt ikkje vil kunne få fullføre ei utdanning, og kanskje ikkje ha eit yrke basert på fagleg kompetanse. Slik som me kanskje i Norge med kulturfilter A tek for gitt. I ein slik samfunnsrealitet så blir det kanskje viktig å lære dei å følgje instruksar.

I Zambia så er det vanleg at ein blir plassert i ein gitt barnehage av nokon høgare opp på rankstigen. Ein konsekvens av dette er da at ein førskulelærer i Zambia ikkje vel sjølv kvar dei vil jobbe i same forstand som ein førskulelærer i Norge, og ein kan da i større grad ikkje vel kven ein vil jobbe saman med. Men det verkar som dei trivest i yrket uansett. Er det da noko trekk mellom fellesskapsetikken i ubuntu og interessa for å jobbe i barnehagen? Bonn (2007) skriver at ubuntu omhandlar afrikansk humanisme som vektlegger mellommenneskelege relasjonar som er saman kopla med ein åndeleg dimensjon. Og i SOS-barnehagen så er det fellesskapssamfunn med at fleste parten av barna bur der. Fellesskapssamfunn er grunnleggande i Ubuntu, og i tradisjonelle samfunn er fellessamfunnets tankar ofte dominerande med at det ikkje er mogleg å skilje det individuelle frå fellesskapet. Kanskje er ein lærar ved SOS-barnehagen ein person som klarar å sette andre framfor seg sjølv, og ein kom klarar å gi av seg sjølv til fordel for andre. Og kanskje er det lettare for ein førskulelærer som er oppvokst i ein samfunnstype som er meir prega av ein fellesskaps etikk å gi av seg sjølv for andre, enn ein førskulelærer som er vokst opp i eit moderne samfunn der ”selvet” står meir i fokus.

### **Ein god person.**

Under praksisopphald på ulike barnehagar i Livingstone og i ein landsby utanfor byen så har eg observert at læringsmetodane involverer svært lite, vis ikkje ingen gruppe aktivitetar der det blir lagt opp til at barna skal løyse oppgåver saman med og meg hjelp av andre. ” *ein skulle lære barna å ta vare på kvarandre. Med dette skulle dei lære ulike ferdigheitar som empati ... i undervisningssamanheng hadde dei svært lite, vis ikkje ingen gruppe aktivitetar, noko eg syntes var rart med tanke på at det er noko eg forbinder med utførelse og læring for desse typar ferdigheitar*” (Vedlegg 2). Med min kulturelle bakgrunn og yrkeserfaring frå norske barnehagar så forbinder eg ofte gruppe aktivitetar som gode for å oppnå blant anna empati hos barn. Men etter 3 månader i Zambia så har eg merka meg at kanskje Zambiarar viser meir empati enn Nordmenn, utan at det er gruppe aktivitetar i barnehagen. Kva er det da som kan gjere det? I tradisjonelle samfunn i Afrika så er ubuntu ein del av kvardagen. Det er innanfor her konflikthar blir sett på som noko som er nedbrytande og at ein da prøver å unngå dette. Kan



det da hende at på bakgrunn av denne kulturelle faktoren så lærer dei empati på ein anna måte enn kva me i Norge gjer med blant anna gruppe arbeid? Vis det er slik så vil da barnehagekvardagen i Zambia være annleis i forhold til ein Norsk barnehage og behova for andre aktivitetar større.

Ein god person i eit Zambisk perspektiv blir beskrive som ein som er *"utmjuk og høfleg person. Og ein gudstruande person, fordi zambia er ein kristent land, så me ser gudstruande personar som gode mennesker"* (Intervjuobjekt 1). Og i ubuntu som kulturbeskriver så skriver Bergersen (2010) at å være ubuntu er å være saman i eit fellesskapssamfunn og respektere og innordne seg etter fellesskapets normer i trua på det guddommelege. Korleis kan dette påverke i ein undervisningssamanheng? Når fellesskapets normer omhandlar kristne grunnverdiar som medmenneskelegheit som for eksempel den gylne regel: gjer mot andre det du vil andre skal gjera mot deg. Er evna til empati noko som barn får inn gjennom andre faktorar enn i barnehagen, og da med gruppe arbeid? Kanskje dei får lært det gjennom religiøse utøvelsar som å gå til kyrka kvar søndag, eller høyre på vaksne rollemodellar lese frå bibelen.

### **Kultur som begrunnelse.**

Kultur er noko som kan betraktast som læren om kva som er rett og kva som er galt, og i SOS-barnehagen i Livingstone så fant eg ut gjennom intervju at det var noko av begrunningen for vala som dei gjorde av læringsmetodane var på bakgrunn av kva dei sjølve meinte var best. Ut frå Zambisk kultur om kva som er ønskeleg og sett på som positive haldningar og kunnskapar å ta med seg vidare ut i livet, så kom det fram at det med korleis ein behandlar andre er noko som blir sett på som svært viktig. Haldningane som vart reproduisert i barnehagen gjennom instruksane vart gitt og korleis forholdet mellom lærar og elev trur eg er noko som ein kan sjå igjen i tradisjonelle samfunn med korleis ein behandlar andre. Shutte (2001) skriver at det er ved å tilhøyra eit fellesskap som gjer at me blir oss sjølve. Fellesskapet er ikkje imot individet, eller der for å svelge det. Men heller der for å hjelpe det til å bli eit unikt senter for felles liv. Det er og eit fokus i Zambisk kultur om at ein skal ha respekt for dei eldre, og dette er i tråd med ubuntu med at ein har respekt for det levde liv. Læraren var i denne samanhengen ein autoriterfigur som viste stor makt ovanfor barna. Dette passar med det Bergersen (2010) skriver om at i ubuntu tenkinga inneberer det ein respekt for eldre og personar sitt levde liv. I tillegg til alder er kjønn ein viktig kjelde for respekt i tråd med paternalisme og patriarkat. *"Relasjonar kan ikkje veles, men en må ta til seg all den kraft og energi som ulike relasjoner gir"* (Bergersen 2010: 8). Altså at ein ser opp til eldre og at

respekt er viktig i korleis ein samhandlar med andre. Og førskulelærar rolla blir da ei sentral formidlings kjelde for desse verdiane til barna ved SOS-barnehagen. Eit eksempel eg kan ta for å framheve dette er når arbeidsoppgåver vart utgitt var det læraren som gav instruksjonar som barna deretter skulle følgje. Her var læraren ein autoritær figur som hadde all makta, og brukte ein læringsteori som er i tråd med behavioristisk tenking. Dette er og eit eksempel så visar til forskjellane mellom teori og praksis når det Steinsholt og Løvlie (2004) skriver om Frøbels pedagogikk om at barnet skal ikkje fyllast at den vaksne, men heller få moglegheita til å samspele og oppdage verda saman med ein vaksne. Barna er blant anna her i denne situasjonen etter min meining ikkje i eit samspel med den vaksne, og dette viser til at det er ein forskjell mellom teori og praksis i den Zambiske SOS-barnehagen.

Men etter å ha funne ut meir om tradisjonelle samfunn og da Zambisk samfunn så forstår eg at ein viktig eigenskap å ha med seg i eit land som Zambia er å kunne følgje ordre, og å da kunne følgje desse nøyaktig. Ein grunn til dette trur eg er grunna noko eg synes er ein hard og vanskeleg realitet å forstå som er at alle barna i barnehagen, og da skulesystemet vil ikkje fullføre, eller ha moglegheita til å fullføre på for eksempel grunnlag av ulike økonomiske årsakar. Eit av alternativa til desse som ikkje får ei utdanning blir da å få ein jobb der det blir stilt krav til dei om å blant anna følgje ordre, og da følgje desse instruksane som blir gitt så nøyaktig som mogleg. Dette er sjølvsakt noko som har gitt meg eit lite innblikk i korleis samfunnsrealiteten er i eit land som Zambia, og i forhold te Norge så er det nokre ting som me i den Norske samfunnet tek for gitt fordi barn som veks opp i norske barnehagar har andre framtidsutsikter, spesielt da med utdanning som vil verte støtta opp under både fagleg og økonomisk på ein heilt anna måte enn i Zambia.

Ein god førskulelærar i Zambia er kanskje den som forbereder barna på det som faktisk ventar på dei når dei veks opp. Men eg med min kulturelle bakgrunn syns at den realiteten som dei veks opp i er vanskeleg å oppfatte og forstå, mykje på grunnlag av at den er så annleis enn min eigen.

## Avslutning.

I denne oppgåva har eg tatt for meg kva førskulelærarane ved SOS-barnehagen i Livingstone meiner er ein god førskulelærar. Det eg har komme fram til er at det er kulturelle forskjellar mellom meg og dei som blir pregande i interaksjonen og forståinga mellom oss som ansatte, og meg som lærar for barna. Dei har eit annleis grunnlag for deira framtidsutsikter ovanfor barnegruppa enn kva me har i Norge, og kulturen som er i Zambia er ein påverknadsfaktor som påverkar dei verdiar og haldningar som blir reproduisert i barnehagen. Men me gjer dei vala me gjer ovanfor barna med den beste hensikt, og med barnets beste som begrunning.

Sos baserer seg på teoriane til Montessori og Fröbel som er på bakgrunn av moderne samfunn. Og under intervjuet så svarar dei i tråd med dette. Altså dei svarte etter boka, og da det dei har lært gjennom utdanninga si, som igjen er prega av innflytelse frå moderne samfunn. Men gjennom observasjon og spørsmål så kjem det fram sprik mellom praksis og teori. Med at dei svarar etter boka, men er behavioristisk i praksis i forhold til tradisjonelle samfunn. Dei beskriver ein god førskulelærar som ein som jobbar med læring gjennom lek, og der førskulelæraren er aktiv deltakande saman med barnet. Men dessverre så finn ein dette ikkje så lett i praksis, men heller veldig lett i teorien i Zambia.

Ved å oppleve og kjenne på kroppen dette med ulikheit innan for barnehagen i andre land, og da land som Zambia som er ganske annleis enn land som Norge, så har eg fått ein auka forståing for viktigheita med fagleg oppdatering innanfor yrke, samt korleis kultur verkar inn som påverknadsfaktor i undervisningssamanheng. Ved å lære om andre kulturar så har eg blitt meir open og imøtekommande for andre synspunkt og kulturar enn kva eg var før. Eg trur at me i Norge har ein tendens til å ikkje tenke kulturforskjell som forklaringsfaktor for synsvinkel, men heller som forskjell mellom menneske. Eg anbefala alle, ikkje berre førskulelærarar til søke etter å oppleve noko som er annleis enn eigen realitet, fordi du lærer blant anna å kjenne det ein tek for gitt med å oppleve situasjonar som er annleis. Og dette meiner eg ein veks på som person.

## Litteraturliste.

Bergersen A. (2010) *Hvordan kan begrepet formålsrasjonalitet forklare interaksjonen mellom aktører frå samfunn preget av Ubuntu og vestlige aktører innen utdanningssamarbeid?.*

Høyskolen i Sogn og Fjordane.

Brøgger J. (1993) *KULTUR FORSTÅELSE. En nøkkel til vår internasjonale samtid.* N.W.

Damm & Søn

Dahl Ø. (2011) *Møter mellom mennesker: Interkulturell kommunikasjon.* Gyldendal.

Dalland O. (1993) *Metode og oppgaveskriving for studenter.* Oslo:Universitetsforlaget.

Haugen I A (1987) *KULTURELLE UTFORDRINGER. Delrapport 2 frå prosjektet: Sosial omsorg og integrering – to sider ved same sak?.* Oslo

Hutchinson G S, Siv Oltedal (2003) *MODELLER I sosialt arbeid.* Oslo:Universitetsforlaget.

Jensen I. (2005) *Grunnbog i kultur-forståelse.* Roskilde Universitetsforlag.

Johannessen, Tufto og Christoffersen. (2010) *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode.* Abstrakt forlag.

Klausen M A. (1992) *KULTUR, mønster og kaos.* Ad Notam Gyldendal.

Nanseth F. (1999) *SOS-BARNEBYER. Organisasjonene som hjelper verden.* Libretto forlag.

Nilsen R Å. (1995) *Max Weber og det europeiske mirakelet.* Artikkel: Sosiologi i dag, 2-1995:3-30.

Schwartz S H. (2004) *Mapping and interpreting cultural differences.* I Vinken, Soeters and

Ester (2004) *Comparing Cultures: Dimensions of Culture in a Comparative Perspective.*

Shutte A. (2001) *UBUNTU An Ethic for a New South Africa.* Cluster Publications.

Steinsholt K, Løvlie L. (2004) *Pedagogikkens mange ansikter. Pedagogikkens idehistorie fra antikken til det postmoderne.* Universitetsforlaget.

[www.sos-barnebyer.no](http://www.sos-barnebyer.no)

[www.snl.no](http://www.snl.no)

## Vedlegg.

### Vedlegg 1.

#### Intervjuguide.

1. What was the reason/ where there any reason why you choose to be a pre-school teacher?  
*For example Family background, Personal interest, Culture or if it was Random?.*
2. What describes a good person in a Zambian way?
  - 2.1 What describes a bad person in a Zambian way?
3. What would you say is a good Zambian pre-school teacher?
  - 3.1 How is the personality?
  - 3.2 What are your ideas of where these features come from? *For instance from education?*
4. In your education, what are your thoughts about what you learned in school, and how relevant it is for your job?
  - 4.1 Where did you take your education? *For instance, was it here in Livingstone? And what kind of education do you have? For instance do you have a certificate or a diploma?*
  - 4.2 What year did you graduate?
  - 4.3 Have you studied something else?
5. How would you describe yourself as a pre-school teacher?
  - 5.1 How do you handle an unwanted situation? *For instance when to people are fighting.*
  - 5.2 How do you practice positive feedback to the children?
  - 5.3 How do you practice positive feedback to adults?
  - 5.4 How would you like to get feedback from your work?
  - 5.5 What are your thoughts about working with children? And what thoughts do you have about the teaching methods you use? *For instance, when you are teaching at the blackboard in pre-mathematics. What method do you find most efficient?*
6. What do you think is important to teach the children?
  - 6.1 What is important for you? And why do you think so?
7. What factors have influenced your teaching methods? *For instance, is it something from your education, family background or culture?*
8. What do you think about your students/pupils?
  - 8.1 What would you characterize as a good student and a bad student?
9. What would you say is a bad teacher?

- 9.1 What do you think are a bad way of teaching?
- 9.2 Are there some personality features?
- 9.3 How does one become a bad teacher? Can anyone become a bad teacher?
10. How is the child doing in sos-pre-school? *For instance, is the child happy? How is the learning outcome?*
10. 1 What are the factors that influence how the child is doing?
11. Can you describe Zambian culture? What is typical?
- 11.1 Is it something about the culture that influences the kindergarten? And in what way does it influence?
- 11.2 Are there some features about the culture that can have a negative influence? And why?
- 11.3 In what area does the Zambian culture influence the teaching methods?
12. What plans do you use for your teaching methods? And why are you using these plans?
- 12.1 What pedagogical methods are you using in your teaching methods?
- 12.1.1 Why are you using these methods?
- 12.1.2 Where did you learn them? *For instance, through education or personal experience?*

## Vedlegg 2.

### Refleksjon på bakgrunn av observasjon.

Under praksisopphald i sos barnehagen i Livignstone merka eg meg at dei hadde fokus på at ein skulle lære barna å ta vare på kvarandre. Med dette skulle dei lære ulike ferdigheitar som empati og refleksjon over eigne tankar og handlingar, og desse ferdigheitene vart dei oppmuntra til å utføre. Men eg reagerte på at i undervisningssamanheng hadde dei svært lite, vis ikkje ingen gruppe aktivitetar, noko eg syntes var rart med tanke på at det er noko eg forbinder med utførelse og læring for desse typar ferdigheiter. Det eg tengte var at eg syntes det var rart at dei promoterte enkelte ferdigheitar, men ikkje jobba aktivt mot dei. Men etter ettertanke så kom eg inn på at deira metodar som kanskje eg synes er lite effektive, kanskje er effektive i Zambisk samanheng. Og at mine metodar som er effektive i ein Norsk samanheng, kanskje ikkje er effektive i Zambisk samanheng. Dette med å finne ein læringsmetode som er tilpassa barnegruppa er ein utfordring det ikkje finnes universalsvar på, og som er noko som må tilpassas kontinuerlig gruppa barnegruppa er ikkje statisk.

## Vedlegg 3.

### Refleksjon på bakgrunn av observasjon.

Under mitt praksisopphald i Zambia så fekk eg prøve meg som førskulelærer, og herav brukte eg rammeplanen som sos-barnehagen i Livingstone brukte. Når eg gjorde dette så brukte eg rammeplanen for å blandt anna lage eit dagsopplegg for dei elste i barnehagen. Men den responsen eg fekk av dei ansatte var meir negativ enn posetiv. Dette var noko eg syntes var frustrerende i begynnelsen fordi eg forventa det ikkje, med tanke på at eg tok utgangspunkt i deira rammeplan, altså det offentlege dokumentet som omhandlar kva og korleis dei skal gjere det. Men i ettertid så merkte det meg at det var ein forskjell mellom kva det stod i rammeplanen at dei skulle gjere, og kva dei gjorde i praksis. For å teste dette vidare så lagde eg meg eit nytt dagsopplegg der eg tok utgangspunkt i den praksis eg hadde observert frå dei ansatte. Tilbakemeldingen var da mykje meir posetiv. Etter å ha reflektert over dette funnet så meiner eg at sos-barnehagen sin rammeplan er inspirert av dei pedagogiske teoriane til Fröbel og Montessori, medan den pedagogiske praksis er meir Behaviouristisk.






Figure 3: Coplot map of 67 national groups of seven cultural orientations

SHALOM H. SCHWARTZ